



KOPI AV HUE: Utvandringssenteret på Sletta opna sesongen med utstilling om livet til samekvinna Margrethe Kreutz som var ein av mange samar som viste fram dagleglivet sitt på utstillingar i blant anna USA. Utstillinga er laga av Cathrine Baglo frå Universitetet i Tromsø. Her er ho med ei kopi av ei samehue for gifte kvinner.

Sesongopning med samisk vri

Levande menneske på utstilling og historia om ei samisk kvinne var tema då Utvandringssenteret på Sletta opna sommarsesongen.

Av Anne-Lise Nordpoll
anne@strilen.no

I samband med grunnlovsjubileet ønskjer to kunstnarar å gjenskapa ein Kongolandsby i Frognerparken i Oslo. Kongolandsbyen var ein del av verdsutstillinga i 1914. Saka har vekt sterke reaksjonar. Mange synest at tanken på å setja menneske og kulturar på utstilling på denne måten er forkasteleg, og at det at ein tidlegare har gjort dette er eit mørkt kapittel i norsk historie. Men er det egentleg det?

Nytt perspektiv

Publikum som fekk med seg opningsforedraget på Sletta søndag, fekk læra litt om fenomenet levande menneske på utstilling, og mange gjekk nok derifrå med eit litt anna syn på saka enn då dei kom. Cathrine Baglo frå Universitetet i Tromsø har skrive doktoravhandling om samisk deltaking på verdsutstillingane og fortalde litt om kva ho har funne ut. På slutten av 1800 og byrjinga av 1900-talet var det ikkje uvanleg at representantar frå «eksotiske folkeslag» slik som samar, indianarar og eskimoar vart stilt ut i dyrehagar.

Høyres absurd ut

– For mange høyrer det å ha menneske på utstilling i ein dyrehage heilt absurd ut. Mange dannar seg automatisk eit bilde av at menneska som vart utstilt var offer for ei kynisk bransje og utnytta på alle vis. Slik tenkte



EIN SMAK AV VÅR: I Tromsø er det framleis snø, så det var eit lite sjokk å koma hit og få full vår, seier Cathrine Baglo som koste seg i sola saman med døtrene Marta og Katinka.

også eg i starten, men etter å ha studert fenomenet nærmare har eg funne ut at det ikkje nødvendigvis er tilfelle, sa Baglo.

Ho fortalde at det nok var både tilfeldigheiter og praktis-

ke grunnar som gjorde at slike utstillingar gjerne fann stad i dyrehagar. Baglo fortalde at på utstillingar med levande menneske på den tida så stilte ein ikkje berre ut enkeltpersonar, men

heile familiar og tanken var at dei skulle visa fram dagleglivet sitt slik det var. For samane sin del betydde det at dei hadde reinsdyr og hundar med. Utstillingane viste fram ein heil kultur og det var eit viktig poeng at publikum skulle få sjå samane i arbeid. Baglo fortalde at ein av dei som var først ute med slike utstillingar var ein mann som dreiv ein stor dyrepark i Tyskland og at mykje av årsaka til at desse utstillingane vart spreidd til andre dyreparkar nok skuldast at han nytta kontaktnettet sitt. Det var også ein fordel å ha utstillingane i dyreparkar i og med at det var dyr involvert.

Krov 1. klasse

Baglo fortalde også at ho har spora opp to kontraktar som vart skrive mellom samar som skulle stillast ut og dei som stilte dei ut.

– Eg vart overraska over at det



MARGRETE KREUTZ: er kvinna du kan læra meir om på Utvandringscenteret no i vår.



GOD Plass: Det var god plass i kyrkjebenkane på sesongopninga. Arrangørane skulle gjerne hatt betre besøk, men gler seg over at dei som var tilstades fann føredraget interessant.

eksisterte slike kontraktar, og då eg las kontraktane fann eg ut at samane stilte ein del krav til utstillarane. I ein av kontraktane kan ein lesa at dei krov å berre bu på hotell av første klasse. Me ser også at mange av dei som reiste ut gjorde det fleire gonger og frå nokre familiar heldt dei på med denne type reising i fleire generasjonar, fortalde Baglo. Ho meiner at før ein kan gå ut å konkludera at menneska som vart utstilt vart utnytta, så bør ein prøva å finna historiene til menneska bak og prøva å finna ut korleis dei opplevde det. Baglo kunne blant anna visa fram dagboknotater og andre sitat som tydde på at mange av dei omreisande aktørane var fullt klare over kva dei gjekk til og ho trur at ein del såg på seg sjølv som profesjonelle aktørar som deltok i show. Ho kunne også fortelja at på den tida desse utstillingane var mest vanlege, så var dette kulturelt akseptert og at dei som vart stilt ut kunne oppleve å bli sett på som heltar og vart bedne om å skriva autografar på postkort.

Kontakt mellom urfolk

Baglo fortalte at det gjerne også var slik at fleire «eksotiske» folkeslag vart stilt ut på same plass, slik at samane gjerne var naboar med ein landsby med indarar eller eskimoar.

– Verdstillingane varte alltid i seks månadar og når folk budde i lag og omgjekk kvarandre i så lang tid, er det naturleg å tenkja at det var litt kontakt mellom dei, sa Baglo. Ho ser ikkje vekk i frå at urfolka på den

måten gjerne vart klar over at historia til deira folk og deira kampar hadde likheitstrekk med andre urfolk, og at det også gjorde at dei vart meir merksame på at dei burde krevja sine rettar.

Baglo peika også på at ein også i dag kan sjå levande menneske på utstilling.

– Det er ikkje noko uvanleg i det, men dagens utstillingar er vanlegvis arrangert av urfolka sjølve. Dei gjer det på eige initiativ og difor tenkjer me at då er det greitt, men sjølv om det gjerne var andre aktørar som tok initiativet tidlegare, så er det ikkje dermed sagt at dei som vart utstilt kom dårleg ut av det, sa Baglo.

Historia til ei samekvinne

Etter føredraget var det konsert med Bøen/Fiskaen Dou og opning av utstillinga om samekvinna Margrethe Kreutz. Ho var ein av mange samar som viste fram dagleglivet på store utstillingar i Europa og USA.

– Margrethe Kreutz var ei kvinne som eg høyrte mykje om som lita. Eg vaks opp i nærleiken av der ho hadde buplassen sin. I dag er staden heilt overgrodd og det er berre nokre murar att, men eg har alltid vore fascinert av historiene om henne og hadde lyst å finna ut meir om kven ho var og korleis ho levde, seier Baglo, som har laga utstillinga. På utstillinga kan publikum sjå bilde som gjev eit bilde av det livet Margrethe levde, samiske huer som ein kan få prøva på og nye bilde som viser korleis buplassen hennar ser ut i dag.

– Mykje spennande på gang

Av Anne-Lise Nordpoll
anne@strilen.no

– Me skulle gjerne sett at det kom fleire folk på opninga, men eg er glad for alle som kom. Det er jo flott ver i dag og mykje anna som skjer, og eg trur dei som kom hit fekk ei god oppleving, seier Åshild Sunde Feyling Thorsen. Ho er fungerande avdelingsleiar ved Vestnorsk utvandringscenter og fortel at dei har mykje spennande på programmet denne sesongen.

Årebrot igjen

Høgdepunktet er som vanleg Utvandringsfestivalen som i år vert 4-6.juli. Der vil dei ha ei spesiell markering i samband med grunnlovsjubileet, og det vert mellom anna føredrag ved Frank Årebrot. I løpet av desse dagane skal det også opnast ei ny utstilling på doktorkontoret i Emigrantlandsbyen.

– Me har jo alt stilt ut ein del av utstyret til legen som hadde dette kontoret, og på denne utstillinga skal folk få vita meir om livet og kvardagen hans. I tillegg vil me sjå litt på dette med migrasjon og helse. Det er jo gjerne knytt ein del helseutfordringar til det å flytta til eit nytt land. Både fordi helsesystemet i dei ulike landa kan vera svært forskjellig og fordi menneske som nett har flytta til eit nytt land ofte manglar nettverk og ikkje heilt veit kvar dei skal venda seg om dei treng



NYE UTSTILLINGAR: Søndag opna Vestnorsk Utvandringscenter utstilling om samekvinna Margrethe Kreutz, og til hausten gler Åshild Sunde Feyling Thorsen seg til å visa publikum ei ny utstilling på doktorkontoret.

hjelp. Me veit til dømes at ein del nordmenn som utvandra frå Norge budde under forhold som me i dag vil kalla «slummen», seier Thorsen.

Leptrautstilling

Til hausten har dei planlagt ei framsyning om dei leprasjuka

på Strilelandet i perioden 1825-1900.

– Me synest me har eit spennande program, og no i sesongen vert utstillingane open i helgene og i sommar er museet også ope på kvardagar, seier Thorsen.

Nye opningstider frå 19. mai på gjenvinningsstasjonane

Kjevikdalen gjenvinningsstasjon

Mån-ons	08.00-15.30
Torsdag	08.00-19.00
Fredag	Stengd
Laurdag	09.00-15.00

Litlås gjenvinningsstasjon

Måndag	13.00-19.00
Laurdag	09.00-15.00

Meland gjenvinningsstasjon (opning 21. mai)

Onsdag	13.00-19.00
Laurdag	09.00-15.00



56 34 33 10 - ngir.no - ngir@ngir.no